

Oppsummering av 10 turfavorittar i Ål 2016

Postkassene og klyppetengene er no tatt ned og namna i bøkene telt. Folk er fortsatt begeistra for å gå nye turar i nytt område i Ål og den fine hausten førte til at tursesongen varte ut haustferien.

Vandreprogrammet har vore i gang frå midten av mai til etter haustferien (veke 40). Orienteringsgruppa har også i år vore med som arrangør og bidrige med mykje praktisk arbeid for å få postkasser og skilt på plass.

9609 personar har skrive seg inn i bøkene – noko nedgang frå i fjar men likevel bra besøkt. Kanskje kjem det av at det i år var mange litt ukjente turar på programmet. Av desse er 326 utanlandske turgåarar. Som i fjar var dei fleste frå Tyskland og Nederland, men også mange svenskar i år.

Blant alle dei som har skrive seg inn i dei ti ulike bøkene har det vorte trekt ut premiar for kvar bok i form av gåvekort sponsa av Ålingen kjøpesenter.

Turen til majestetiske **Lauvdalsbrea** har vore desidert mest besøkt med **2051 namn i boka**. Turen som var nest mest besøkt med 1360 namn i boka var Rødungsberget, tett fylgd av Hellingreset med 1321 namn.

Klyppekort

Heile 814 kort har vore i omløp i år, litt færre enn i fjar, men til gjengjeld har det vore fleire som har levert inn kort i år i forhold til kva som har blitt selt. **260 kort er levert inn att** der folk har oppfylt kravet med å gå minst 8 av 10 turar. Dei aller fleste av desse er Ålingar. Rundt 400 personar har gått 8 – 10 turar.

Blant dei som har levert inn klyppekort med minst 8 klypp er det trekning av premiar sponsa av næringslivet i Ål (G-Sport Ål, Liatoppen Fjellstue, Norli Ål og Hallingdal Feriepark).

Klyppekort som firmaaktivitet

Ål hytta og Ål kommune har nok ein gong gjort ein imponerande innsats med å få dei ansatte med på tur og i meir aktivitet. Dei har begge kjøpt inn klyppekort til dei som har hatt ynskje om å være med på vandreprogrammet. Eit helsefremmande og sosialt tiltak i bedriftene.

Fotokonkurranse på Instagram

Ca. 241 biletar har vorte lagt ut med #ål52 / #aal52 i samband med fotokonkurransen me har hatt gåande i sommar. Reglane var at biletet skulle være frå ein av årets 10 turfavorittar og at ein skulle følgje #alturistinfo på Instagram. Blant dei mange flotte biletene har me kåra årets **vinnarbilete frå Gry Sando på Rødungsberget**.

Ål52 og vandreprogrammet «10 turfavorittar» har vore marknadsført på www.aal52.no, www.al.no og www.ut.no. Gjennom deltaking Innovasjon Norge sin vandrekampanje har tilbodet vorte presentert i fleire utanlandske marknad på bl.a. eigne kampanjesider på Visit Norway. Facebook annonsar har vore nytta både i Norge og Danmark.

Vinnarar av dei ulike premiane vil bli lagt ut på www.aal52.no. Vinnarane blir også kontakta av oss.

Me må også få rette ein stor takk til årets hovudsamarbeidspartner Ålhytta og til Sparebankstiftelsen DNB som har vore med å bidrege i prosjektet.

2017

Vandreprogrammet fortsett med 10 turfavorittar, ny brosjyre, attraktive premiar og Ål52 -krus.

I samarbeid med Ål kommune og Ål Utvikling AS har me satt i gang med **turappen Outtt**. Dette er i fyrste omgang ein app som ein lastar ned på telefonen. Her ligg årets 10 turfavorittar med info om turen og turbeskrivelse, kart med moglegheit for sporing og biletar frå turen. Neste års 10 turfavorittar vil bli lagt inn her.

Denne blir vidare utvikla til ei nettside, som etter kvart vil ta over for www.aal52.no

6 turfavorittar på ski

I fjar vinter testa me ut 6 turfavorittar på ski i Ål. Etter mange gode tilbakemeldingar satsar me på å få til 6 nye turar i år også, ein for kvart løypeområde med postkasse og gjestebok.

I vinter vil me også legge inn 6 turfavorittar på ski i appen Outtt slik at folk kan teste appen.

Julegåvetips!

Som i fjar vil me også i år ha klyppekorta for 2017 klare til jul slik at dette blir mogleg å gje i julegåve. Korta blir selt hjå Ål Turistinformasjon, G-Sport Ål og Norli Ål frå først i desember.

Med helsing
Ål Utvikling AS og Ål Kommune

Linda Dalene Bjerke
linda@alturistinfo.no
32 08 43 60 /95050826

Hilde Nysæther Frantzen
hnf@aal.kommune.no
32085035/ 90175205